



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Sluppen
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/52-1

16. januar 2018

Statsbudsjettet 2018 - oppdragsbrev til Siva

1 Økonomisk ramme til disposisjon for 2018

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev i dette oppdragsbrevet ramma til Siva over kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74, og delegerer forvaltninga av ramma til Siva.

KMD viser til Prop. 1 S (2017–2018) for departementet og Innst. 16 S (2017–2018). Det er laga egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Siva i 2018

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
550	70	Bedriftsretta program i distrikta	85 500
553	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø	55 200

Departementet stiller totalt 140,7 millionar kroner til disposisjon for Siva i 2018. Løyvinga dekkjer dei administrasjons- og gjennomføringskostnadene Siva har med ordningane. Siva må forvalte midlane innanfor rammene av retningslinjer for bruk av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74, på ein effektiv måte. Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla.

2 Mål for Siva og andre fellesføringar frå departementa

Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF* slo fast målstrukturen for Siva. KMD viser til oppdragsbrevet for 2018 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar, krav til rapportering m.m.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Anne-Merete
Halpern
22 24 72 66

3 Føringar i oppdraget frå KMD

3.1 Regional- og distriktpolitiske mål

Ei prinsippmelding for by- og distriktpolitikk – Meld. St. 18 (2016–2017) Berekraftige byar og sterke distrikt – blei lagd fram i 2017. Meldinga viste mellom anna korleis hovudutfordringa framover er å lykkast med nødvendige omstillingar og samtidig ta vare på dei små regionale skilnadene vi har i Noreg. Meldinga inneheldt derfor nye overordna mål: Målet for regional- og distriktpolitikken til regjeringa er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Meldinga gav grunnlag for ein tydeligare skilnad mellom regionalpolitikken og distriktpolitikken. Regionalpolitikken skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile Noreg ved at ulike delar av landet kan få mest mogleg ut av potensialet sitt. Politikken skal ta utgangspunkt i regionale moglegheiter, basert på lokal kjennskap og lokalt initiativ. Distriktpolitikken skal i tillegg jamne ut skilnader mellom område (også internt i regionane) ved å kompensere for ulemper ved geografisk plassering, slik som reiseavstand og små marknader. For distriktpolitikken står målet om likeverdige levekår også sentralt.

Dei nasjonale verkemiddelaktørane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

3.2. Samarbeid regionalt

Siva skal samarbeide med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Forskringsrådet om dei regionale måla og strategiane for næringsutvikling. Eit konstruktivt regionalt samarbeid er viktig for at ein kan nå måla for regional- og distriktpolitikken. Samarbeidet skal bidra til ei avklart arbeidsdeling mellom verkemiddelaktørane og ein god regional infrastruktur for innovasjon. Særleg er det viktig å ha ein god dialog med fylkeskommunane om styring og utvikling av næringsshagane og inkubatorane.

3.3 Nærare om oppdraget frå KMD

Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Næringshageprogrammet

KMD gjev Siva ei løyving til næringshageprogrammet på 85,5 millionar kroner over kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta. Innsatsen skal bidra til delmål 1.1, eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar.

Midlane skal i hovudsak nyttast i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte, i samsvar med programplanen for næringshageprogrammet og tilpassa dei årlege økonomiske rammene for programmet.

Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Inkubasjonsprogrammet

KMD gjev Siva ei løyving på 55,2 millionar kroner til inkubasjonsprogrammet over kap. 553, post 74, Klyngjer og innovasjonsmiljø. Innsatsen skal bidra til delmål 2.1, vel fungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse.

Midlane skal nyttast i samsvar med programplanen for inkubasjonsprogrammet og vere tilpassa dei årlege økonomiske rammene for programmet. Midlane til inkubasjon kan ikkje nyttast til etablering av eigenkapitalinstrument.

4 Administrative føringar

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2018. Felles rapporteringskalender for 2018 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet ber Siva halde fram arbeidet med å prioritere kvinner. Det er eit mål å bidra til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiging og styre. Innanfor dette er målet at minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

4.1 Krav til rapportering

Siva skal rapportere om måloppnåing med data frå sitt mål- og resultatstyringssystem og med andre støttande analysar. Siva skal også rapportere korleis midlane frå KMD er brukte til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader. Andre aktivitetar som bidrar til å styrke måloppnåing kan dekkast innanfor løyvinga. Slike aktivitetar må rapporterast særskilt. Siva skal også rapportere inn tall- og aktivitetar til KMD i tråd med vedlegg 3 til dette brevet.

Siva skal varsle departementet om større avvik frå oppdragsbrevet straks selskapet får kjennskap til det.

4.2 Overføring av midlane frå KMD

Departementet overfører midlane i tre delar – i februar, juni og oktober 2018. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2017.

4.3 Ubrukte midlar frå tidlegare år

Etter avtale med departementet kan Siva nytte ubrukne midlar frå tidlegare år innanfor dei delmåla og kapittelpostane som departementet finansierer, der Siva vurderer at innsatsen gjev best resultat.

4.4 Kommunikasjon og informasjon

Siva skal aktivt vise fram resultat selskapet har oppnådd innanfor oppdraget frå departementet. Siva skal også varsle om aktuelle saker den politiske leiinga i departementet kan vere med på å vise fram. Siva skal vidare orientere departementet i god tid før offentleggjeringa av relevante utgreiingar eller rapportar som Siva har ansvar for. Vi viser elles til fellesføringar for departementa i oppdragsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva.

5 Styringsdialog

Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet inviterer til faste styringsmøte kvart halvår.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Anne-Merete Halpern
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg

Vedlegg 1 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemiddel for kap. 550, post 70 og 73 og kap. 553, post 74 og 76

Vedlegg 2 Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Vedlegg 3 Veileder til tall- og aktivitetsrapportering for Siva til KMD

Kopi

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Distriktssenteret
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune
Riksrevisjonen

Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune

Vedlegg 1

Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemiddel for kap. 550, post 70 og 73 og kap. 553, post 74 og 76

(Gjeld frå 1. januar 2017)

INNLEIING

Desse retningslinjene gjeld bruken av midlar over:

- Kap. 550 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta
 - post 70 Bedriftsretta program i distrikta
 - post 73 Merkur-programmet
- Kap. 553 Omstillingsdyktige regionar
 - post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø
 - post 76 Utviklingsprogram for byregionar og internasjonalt samarbeid.

Retningslinjene regulerer bruk av midlar som er forvalta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Innovasjon Noreg, Selskapet for industrivekst (Siva), Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) og Mentor AS.

Forvaltninga skal følgje *reglement for økonomistyring i staten og bestemmelser om økonomistyring i staten*, som vart fastsette 12. desember 2003 med endringar seinast 5. november 2015. Desse er seinare omtala som økonomiregelverket.

Departementet omtalar årleg hovudmål og delmål for programkategori 13.50 i Prop. 1 S. Hovudmål, delmål, resultatmål og rapporteringskrav vil bli gitte i oppdragsbrev, tilskotsbrev eller kontrakt. KMD kan i oppdragsbrev gi nærare føresegner om bruken av løyvinga som supplerer retningslinjene.

DEL 1 – PRINSIPP OG RAMMER FOR BRUKEN AV MIDLANE

1 FØREMÅLET MED POSTANE

Bruken av midlar som er løyvde skal spegle av hovudmåla for programkategori 13.50. Postane skal bidra til tilgang til eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetting og store avstandar, grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar, velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse og økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene. Midlane skal nyttast på område der det er tenleg og kostnadseffektivt med nasjonale fellesløysingar for regional utvikling, og/eller der eit enkeltfylke vil ha avgrensa kapasitet og kompetanse til å gjennomføre aktuelle tiltak. Tiltak som blir finansierte

over postane, skal gjennomførast ved ulike former for samarbeid mellom lokale, regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.

Tiltaka på postane skal i hovudsak vere avgrensa i tid og tema. Tildelingskriteriea er definert innanfor kvart einskild program.

2 ANSVAR FOR FORVALTNING AV MIDLANE

Omgrepet tilskotsforvaltar blir nytta om den som forvaltar midlar. I dei tilfella der omtalen berre gjeld Innovasjon Noreg, Siva og Forskingsrådet, blir desse omtala som verkemiddelaktør. Tilskotsmottakar blir nytta om ein mottakar av støtte.

Forvaltningsansvaret for hovuddelen av midlane er delegert til verkemiddelaktørane. Ein del av løyvinga er forvalta direkte av departementet, medan ein for enkelte tiltak også kan gi private verksemder, organisasjonar eller internasjonale sekretariat tilgang til å forvalte midlar. Delegeringa av forvaltningsansvaret må skje i tråd med økonomiregelverket og innanfor regelverket for offentlege innkjøp.

Tilskotsforvaltaren skal utarbeide programskildringar, retningslinjer og nærare resultatmål for program/tiltak, og departementet skal godkjenne desse. For nærare skildring, sjå del II om tilskotsforvaltning. Tilskotsforvaltaren skal kunngjere dei aktuelle programma/tiltaka slik at ein når heile målgruppa, handsame søknader, skrive tilskotsbrev eller kontraktar, betale ut midlar, kontrollere, rapportere og sørge for at det blir gjort evalueringar etter avtale med departementet. Forvaltarane skal bidra til å spreie erfaringar frå programma/tiltaka.

3 MÅLGRUPPER

Løyvinga skal primært nyttast til program og tiltak som rettar seg mot nyetablerarar og entreprenørar, grupper av bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, utdannings- og forskingsinstitusjonar, , kunnskapsparkear og andre offentlege og private kompetansemiljø. Departementet har som mål at minst 40 prosent av dei bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

4 GEOGRAFISKE MÅLOMRÅDE

Kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta: Støtte til næringshager skal hovudsakleg skje innanfor virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Ordningane Bioraffineringsprogrammet og Mentortenesta skal bare nyttast innanfor virkeområdet. Merkur-programmet skal sikre grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar. Alle daglegvarebutikkar i distrikta kan delta i programmet om dei fyller krava til kundegrunnlag og avstand til alternative innkjøpsstader.

Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø og post 76 Utviklingsprogram for byregionar og internasjonalt samarbeid¹ kan nyttast i heile landet. Midlane til Interreg må følgje dei aktuelle programområda.

5 ANDRE AVGRENSINGAR OG STØTTEVILKÅR

Program og tiltak skal samsvare med måla slik dei er oppgitte i budsjettproposisjonar, retningslinjer, oppdragsbrev og kontraktar, og omsynet til effektiv forvaltning.

Elles gjeld desse vilkåra:

- Løyvinga kan ikkje nyttast til investeringar i eller ordinær drift og vedlikehald av statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagde oppgåver og offentleg forretningsverksemd. Løyvinga kan heller ikkje nyttast til investeringar i bygningar eller lokale, eller annan fysisk infrastruktur. Unntaket er midlar som er løyvde til Interreg, som ein kan nytte til mindre infrastrukturinvesteringar, og investeringsstøtta til utkantbutikkar, som kan gå til investeringar i butikkane og investeringar i drivstoffanlegg.
- Løyvinga kan ikkje nyttast til varig drift av institusjonar eller organisasjonar. Unntaket er midlar til Nordisk atlantsamarbejde (NORA). Støtteperioden for program og tiltak i regi av verkemiddelaktørane kan vere den same som programperioden.
- Løyvinga skal ikkje nyttast til investeringar i utstyr. Unntaket er midlar som er løyvde til investeringsstøtte til utkantbutikkar og til drivstoffanlegg. Ein kan i tillegg gjere unntak for mindre investeringar som er avgjerande for gjennomføringa av tiltaket som blir finansiert. Tilskot til utstyrsinvesteringar skal normalt ikkje overstige 10 prosent av prosjektkostnadene.
- Tilskotsforvaltarar fastset eventuelle krav til eigenfinansieringsdel, beløpsgrenser osv. Støtta som er løyvd, skal normalt ikkje utgjere meir enn 50 prosent av prosjektkostnadene.

I tilfelle der dette er tenleg, kan offentlege verksemder, frivillige organisasjonar o.l. få tilskot til prosjektutvikling, prosjektdeltaking osv. når dei gjennomfører nasjonale satsingar. Løyvinga kan også nyttast til finansiering av internasjonale sekretariat og samarbeidstiltak, m.a. ved norsk deltaking i Interreg-program.

All støtte som blir tildelt over posten, skal givast i tråd med reglane for offentleg støtte i EØS-avtalen jf. vedlegg 2.

DEL 2 – PRINSIPP FOR FORVALTNING

I OVERFØRING AV MIDLAR TIL AKTØRAR SOM FORVALTAR MIDLAR PÅ VEGNER AV KMD

KMD har ansvar for å sende ut årlege oppdragsbrev til tilskotsforvaltarar.

Oppdragsbreva skal vere i tråd med pkt. 6.3.3 i *bestemmelser om økonomistyring i staten*, og med eventuelle kontraktar.

Tilskotsforvaltarar som får forvaltningsansvar for midlane, skal følgje økonomiregelverket. Når det gjeld Forskningsrådet, kan ein elles sjå *Hovedinstruks om økonomiforvaltningen i Norges forskningsråd*, utarbeidd av Kunnskapsdepartementet med verknad frå 1. januar 2005.

Midlar til verkemiddelaktørane blir gitte som tilskot utan tilbakebetaling (rundsumtilskot). Verkemiddelaktørane får fullmakt til sjølv å fastsetje kva år tilsegna skal givast for, kor lenge tilsegna skal gjelde, og til å handsame søknader om forlenging av tilsegn. Verkemiddelaktørane kan omdisponere ubrukne midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har fastsett for løyvinga.

For verkemiddelaktørane skal alle administrasjons- og gjennomføringskostnader til sjølv forvaltninga av ei ordning (tenester/tiltak/program) dekkjast innanfor rammene av ordninga. Verkemiddelaktørane er pålagde å rapportere årleg om kor stor del av løyvinga som er brukt til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadene. Dersom rådgivingstenester og tilretteleggingsarbeid går inn i administrasjons- og gjennomføringskostnadene, skal dette gjerast greie for i årsrapporteringa.

Dette er definert som administrasjons- og gjennomføringskostnader:

- a) *personalkostnader*: lønnsutgifter, pensjon, sosiale kostnader og andre personalkostnader
- b) *administrasjonskostnader*: indirekte kostnader som er knytte til medarbeidarar, som til dømes IT, kontorkostnader og tilknytte administrative tenester
- c) *reisekostnader*: innanfor ramma av statens reiseregulativ.

Andre driftskostnader som er knytte til ordninga, som trykksaker og kjøp av konsulenttenester, skal rapporterast som prosjektkostnader og skal også dekkjast innanfor rammene av ordninga.

Kap. 550, post 73 og kap. 553, post 76 har stikkordet «kan overførast». Dette vil seie at ein kan overføre ubrukne midlar som blir forvalta av departementet og Mentor AS, frå eitt budsjettår til dei to neste.

II TILSKOTSFORVALTNING

Tilskotsforvaltarane skal følgje føresegnene for etablering og forvaltning av tilskotsordningar og enkelttilskot i kap. 6 i *bestemmelser om økonomistyring i staten*.

1 KRAV OG VILKÅR FOR PROGRAMSKILDRINGAR OG REGELVERK FOR TILSKOTSORDNINGAR

Tilskotsforvaltarar skal utarbeide skildringar av forslag til program/tiltak og tilskotsordningar. Desse skal stå i samsvar med *bestemmelser om økonomistyring i staten* kap. 6.2 og skal godkjennast av departementet. Ein skal leggje vekt på den regionale forankringa i forslaga og kva ein forventar at dei får å seie for lokal og regional næringsutvikling.

Programskildringar/regelverk for tilskotsordningar skal normalt innehalde

- bakgrunn, regionalpolitisk grunngeving og forventna nytte av tiltaket
- skildring av overordna mål, program-/prosjekt mål og resultatmål
- skildring av målgruppe(r) for tiltaket
- skildring av geografisk innretning og nedslagsfelt
- skildring av tildelingskriterium med utrekningsreglar for tilskot
- skildring av kriterium for måloppnåing
- skildring av strategiar og arbeidsmetodar for korleis ein ønskjer å nå måla
- skildring av nosituasjon og dei forventna regionale effektane av programmet/tiltaket, og dessutan kvantitative og/eller kvalitative resultatmål og resultatindikatorar
- skildring av kritiske risiko- og suksessfaktorar
- presentasjon av samarbeidspartar og skildring av samarbeidsplanar
- tidsplanar for programmet, inkludert framdrift og viktige milepålar for tiltaket. Det skal liggje føre plan for utfasing av program/tiltak eller ev. integrering i ordinært regionalt utviklingsarbeid
- budsjett og finansieringsplan for heile tiltaket, fordelt på årlege budsjett dersom det dreiar seg om fleirårige program/tiltak. Det skal liggje føre budsjettforslag for heile program-/prosjektperioden. Eigenfinansieringa til støttmottakaren og kostnader til administrasjon/drift skal kome fram. Dersom det dreiar seg om oppbygging av tiltak av varig karakter, skal det kome fram plan for når og korleis ein kan oppnå sjølvfinansiering
- opplegg for program/tiltaksstyring (programstyre, referansegruppe e.l.) og kven som er ansvarleg for framdrift og fagleg innhald
- skildring av oppfølgingsrutinar for å sikre god intern kontroll hos tilskotsforvaltaren og kontroll av informasjon frå tilskotsmottakaren
- rapporteringsrutinar og evalueringar (for fleirårige tiltak/program)

2 KUNNGJERING

For å sikre lik handsaming og føreseielege resultat skal tilskotsforvaltarar informere om tiltaket på ein slik måte at ein når heile den relevante målgruppa. Meir om dette

finn ein i pkt. 6.3.2 i *bestemmelser om økonomistyring i staten*. Informasjonsmateriellet skal innehalde

- føremål med ordninga
- målgruppe (krav som gjeld for å bli rekna som søkjar)
- kriterium for måloppnåing
- kriterium for tildeling
- krav til rapportering
- informasjon om maksimal støtte/støttesats
- informasjon om kva form søknaden skal ha
- informasjon om kva opplysningar søknaden skal innehalde
- søknadsfrist

I tillegg skal tilskotsforvaltaren informere fylkeskommunar, hovudkontoret og distriktskontora til Innovasjon Noreg, Siva og Forskringsrådet om relevante tiltak.

3 PROSEDYRAR VED SAKSHANDSAMING M.M.

Sakshandsaminga skal skje i samsvar med forvaltningslova, offentleglova og arkivlova så sant ikkje anna er nemnt. Dokumentasjon, finansiering og oppfølging skal skje i samsvar med rutinane for økonomiforvaltning, slik dei er skildra i *bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Krav til søknader

Søknadene skal vere skriftlege og skal som grunnlag for vurdering mellom anna innehalde

- presise og realistiske mål som ein kan etterprøve
- realistisk prosjektplan med milepålar og aktivitets- og resultatutgreiing
- kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for moglege uvisse moment

Utover dette avgjer forvaltaren krav til innhald og form på søknadene.

Søknader om etablerartilskot som gjeld Svalbard, skal sendast til Innovasjon Noreg, som handsamar søknaden og legg han fram for Longyearbyen lokalstyre, Sysselmannen på Svalbard og det aktuelle fagdepartementet, slik at dei kan uttale seg. Kopi av brev til Sysselmannen skal sendast til Justisdepartementet.

Dersom søkjaren ønskjer å gjere vesentlege endringar i aktiviteten som ligg til grunn for tilskotet, må endringane bli godkjende av tilskotsforvaltaren før dei blir sette i verk.

Krav til tilskotsbrev og avslag på søknader

Tilskotsforvaltarar skal overfor søkjarar stadfeste tilskot gjennom tilskotsbrev eller kontraktar. Under følgjer krav til innhald i tilskotsbrev. Forvaltaren kan tilpasse dette til eigne system og kontrollrutinar, så lenge det samsvarar med *bestemmelser om økonomistyring i staten* pkt. 6.3.3.

Krav til innhald:

- namn og adresse til mottakar, organisasjonsnummer og kontonummer
- storleik på tilskotet

- føremål og kva tiltak ein kan nytte midlane til
- kostnadsoverslag som er lagt til grunn for tilsegna
- krav om at prosjektet skal vere fullfinansiert før det blir sett i gang
- eventuelle vilkår som er knytte til bruken av midlane, medrekna krav til dokumentasjon før ein kan betale ut midlane
- frist for mottakaren til å akseptere vilkåra
- tidsfrist for bortfall av tilsegn
- utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutinar og handsaming av eventuelt for mykje utbetalt tilskot
- krav til at mottakaren sjølv kontrollerer at den utbetalte summen er korrekt
- krav til rapportering
- krav til rekneskap, ev. revisorattestasjon jf. avsnittet under, oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotet
- opplysningar om moglege kontrolltiltak og moglege reaksjonsformer dersom mottakaren ikkje opptre i samsvar med skriftlege føresetnader, til dømes tilbakebetaling

Avslag på søknad skal kunngjerast skriftleg. Ved enkeltvedtak skal ein opplyse om tilgangen til å klage, sjå avsnittet under. Dersom tilskot blir gitte som bagatellmessig støtte, skal ein opplyse om dette, sjå vedlegg 2 for meir informasjon. Ein skal vidare opplyse om at i samsvar med § 10 i løyvingsreglementet og § 12 i *lov om Riksrevisjonen* kan Riksrevisjonen, departementet eller den departementet gir mynde, krevje informasjon frå tilskotsmottakaren og setje i verk kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.

Tilgangen til å klage

Tilgangen til å klage følger reglane i forvaltningslova, lov av 10. februar 1967, med mindre anna går fram av lovverket som gjeld, slik som *lov om Innovasjon Norge*², vedtektene til Noregs forskingsråd³ og *lov om statsforetak*⁴ for Siva.

Krav til rekneskap og attestering frå revisor

Tilskotsmottakarar skal føre separat rekneskap for bruken av midlane. Tilskotsmottakarar som får midlar frå departementet eller Mentor AS, må ha revisorattestert regnskap dersom tilskotet er på meir enn NOK 100 000, før dei kan få sluttutbetaling av enkelttilsegner. Det er statsautorisert revisor eller registrert revisor som skal attestere. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapen stadfesta av autorisert rekneskapsførar. Utføringa av oppdraget skal då stå i samsvar med god rekneskapsskikk og bransjestandard. Rekneskapen skal vere sett opp slik at ein kan samanlikne han med budsjettoverslaget som låg til grunn for tilskotet. Krav om revisorattesterte rekneskapar gjeld ikkje for tilskotsmottakarar som er reviderte av Riksrevisjonen.

² Jf. § 6 i *lov om Innovasjon Norge*.

³ I vedtektene til Noregs forskingsråd blir det slått fast at «For Norges forskingsråds vedtak gjelder ikke forvaltningslovens regler om begrunnelsesplikt og vedtaket kan ikke påklages.»

⁴ Siva er organisert som statsforetak, og er jf. § 4 i *lov om statsforetak* ikkje underlagt forvaltningslova.

For midlar som er forvalta av verkemiddelaktørane, er det delegert til verkemiddelaktørane å fastsetje nærare reglar for kontroll og oppfølging av tilskotsforvaltninga, medrekna attestasjon frå revisor. Verkemiddelaktørane skal dokumentere overfor departementet korleis dei følgjer opp kontrollen med tilskotsforvaltninga.

4 OPPFØLGING OG KONTROLL

Registrering av tilskot, rekneskapsføring og utbetaling

Tilskotsforvaltaren må etablere god internkontroll som sikrar korrekt sakshandsaming i alle fasar, slik som korrekt registrering, utbetaling og rekneskapsføring av tilskotsmidlar og andre utbetalingar, i tillegg til førebygging og avdekking av misleghald og økonomisk kriminalitet. Sjå elles økonomiregelverket.

Rapportering

For alle program og tiltak som blir finansierte over løyvinga er det påkravd med års- og sluttrapportering om framdrift og resultat frå mottakaren av midlane. Det kan også stillast krav om rapportering i samband med delutbetalingar. Rapporteringa skal vere utforma i tråd med krava som er fastsette i tilskotsbrev, oppdragsbrev og programskildringar. Ein må sjå omfanget av rapportering i samanheng med storleiken på beløpet.

Kontroll

Departementet har det overordna ansvaret for å sjå til at utviklingstiltak eller større programporteføljar som blir finansierte over løyvinga, er i samsvar med retningslinjene og andre gjeldande overordna reglement/forskrifter⁵. I samsvar med mellom anna § 10 i løyvingsreglementet og § 12 i *lov om Riksrevisjonen* kan departementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane blir nytta slik det er tenkt.

Tilskotsforvaltaren må etablere trygg kontroll med at systemet for tilskotsforvaltning fungerer slik det er tenkt. Basert på risiko og kor vesentlege tilskota er, må tilskuddsforvaltarane kontrollere at det blir drive korrekt sakshandsaming, korrekt og påliteleg rapportering, at midlane kjem det oppgitte føremålet til gode, og at misleghald og økonomisk kriminalitet blir førebygd og avdekt. Basert på vurderingar av risiko og kor vesentlege tilskota er, vil departementet, når det ser det som tenleg, gjere stikkprøver av om det er etablert trygg og forsvarleg intern kontroll med tilskotsforvaltninga.

Tilbakebetaling

Det kan bli kravd tilbakebetaling dersom tilskotsmottakaren ikkje rapporterer i tråd med det som er føresett i tilskotsbrevet. Dersom tilskotsmottakaren skal betale tilbake for mykje utbetalt støtte, må ein etablere innkrevjingsrutinar som sikrar at tilbakebetalinga blir gjennomført. Dersom tilskotsmottakaren gir ukorrekte

⁵ Andre aktuelle forskrifter/reglar er t.d. løyvingsreglementet til Stortinget, reglement for økonomistyring i staten og EØS-regelverket.

opplysningar, tilskot ikkje blir nytta etter intensjonane eller dersom tiltaket krev mindre kapital enn ein har føresett, skal tilskotsforvaltaren krevje tilskotet heilt eller delvis tilbakebetalt.

Dersom departementet⁶ eller overvakingsorganet ESA⁷ finn at det er gitt støtte i strid med regelverket for offentleg støtte i EØS-avtalen, kan dei krevje støtta tilbakebetalt.

5 EVALUERINGAR

Departementet og tilskotsforvaltaren skal sørge for at det blir gjennomført nødvendige evalueringar av tiltak og bruken av midlar. Kostnader til evaluering av programma til verkemiddelaktørane er sette av innanfor rammene. Normalt bør ein evaluere tiltak som er særleg kostnadskrevjande, der det oppstår observerbare effektar over tid, eller som er forsøksretta. Val av evalueringsform og tidspunkt for evaluering bør avgjerast når ein startar opp programmet/tiltaket. Evalueringar bør gjerast av institusjonar som ikkje er knytte til dei aktørane som deltek i programmet. Departementet står elles fritt til å innhente informasjon om tiltak og måloppnåing.

Vedlegg

Vedlegg 1: Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

Vedlegg 2: Tilskot og reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen

Vedlegg 3: Vidare informasjon om tilskotsforvaltning

⁶ Jf. forskrift av 4. desember 1992 om offentlig støtte § 5.

⁷ Jf. lov av 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte § 3.

Vedlegg 1

Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2014. Jf. ESAs vedtak 91/14/COL.

Kapittel I. Generelle bestemmelser

§ 1. Formål

Forskriften avgrensner det geografiske virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte i samsvar med det notifiserte regionalstøttekartet.¹

Formålet med distriktsrettet investeringsstøtte er å stimulere til investeringer i bedrifter i virkeområdet der utfordringene for lønnsom næringsvirksomhet er størst.

Formålet med regional transportstøtte er å dekke deler av transportkostnadene til foretak som produserer eller bearbeider varer innenfor det geografiske virkeområdet.

¹ Jf. Guidelines on regional State aid for 2014–2020, 2013/C, 209/01, gruppeunntak, vedtak godkjent av EFTA Surveillance Authority.

§ 2. Definisjoner

Følgende definisjoner legges til grunn i denne forskriften:

1. *Distriktsrettet investeringsstøtte*: Offentlig støtte til foretak for investeringer i materielle driftsmidler og immaterielle rettigheter.
2. *Immaterielle rettigheter*: Eiendeler anskaffet gjennom en overføring av teknologi som patentrettigheter, lisenser, erfaringsbasert kunnskap eller ikke-patentert teknisk kunnskap.
3. *Materielle eiendeler/driftsmidler*: eiendom, bygninger, anlegg, maskiner og verktøy.

§ 3. Geografisk virkeområde

Distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte kan tildeles i følgende kommuner:

Fylke	Kommune
Finnmark	Alle kommuner.
Troms	Alle kommuner.
Nordland	Alle kommuner.
Nord-Trøndelag	Alle kommuner med unntak av Levanger og Stjørdal.
Sør-Trøndelag	Tydal, Selbu, Midtre Gauldal, Holtålen, Røros, Meldal, Rennebu, Oppdal, Osen, Roan, Åfjord, Bjugn, Rissa, Agdenes, Ørland, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne.
Møre og Romsdal	Aure, Smøla, Halså, Rindal, Surnadal, Sunndal, Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Nasset, Rauma, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Norddal, Ørsta, Volda, Sande, Vanylven.
Sogn og Fjordane	Alle kommuner.
Hordaland	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne.
Rogaland	Utsira, Kvitsøy, Sauda, Suldal, Hjelmeland, Lund, Sokndal.
Vest-Agder	Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Marnardal, Flekkefjord, Farsund.
Aust-Agder	Risør, Gjerstad, Vegårshei, Tvedestrand, Åmli, Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle.
Telemark	Notodden, Kragerø, Drangedal, Nome, Bø, Sauherad, Tinn, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje.
Buskerud	Nore og Uvdal, Rollag, Krødsherad, Sigdal, Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes, Flå.

Oppland	Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Nord-Fron, Sel, Sør-Fron, Ringebu, Øyer, Gausdal, Vestre Toten, Søndre Land, Nordre Land, Sør-Aurdal, Etnedal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang.
Hedmark	Kongsvinger, Nord-Odal, Sør-Odal, Eidskog, Grue, Åsnes, Våler, Trysil, Åmot, Stor-Elvdal, Rendalen, Engerdal, Tolga, Tynset, Alvdal, Folldal, Os.
Østfold	Rømskog, Marker, Aremark.

Kapittel II. Distriktsrettet investeringsstøtte

§ 4. Type investeringer som kan støttes

Det kan tildeles støtte til følgende investeringer i materielle eiendeler¹ og/eller immaterielle rettigheter¹ som er tilknyttet:

- Etablering av et nytt foretak.
- Utvivelse og eller oppgradering av et etablert foretak.
- Diversifisering av et foretaks produksjon til å omfatte flere produkter.
- Grunnleggende endring i produksjonsprosessen i et etablert foretak.
- Oppkjøp av et foretak som skal etableres, forutsatt at selve etableringen ikke ville skjedd uten investeringsstøtten og at investoren er uavhengig foretaket som kjøpes.

Investeringsstøtten kan ikke dekke kjøp av aksjene i foretaket.

¹ Jf. definisjon i § 2.

§ 5. Støtteintensitet

Maksimal støtteintensitet for investeringsstøtte er:

<i>Størrelse på foretak</i>	<i>Stor</i>	<i>Mellomstor</i>	<i>Liten</i>
Prosent ¹	Inntil 15 %	Inntil 25 %	Inntil 35 %
Antall ansatte	250 og flere	Fra og med 50 til 250	Færre enn 50

¹ Prosent av støtteberettiget kostnad.

Kapittel III. Forholdet til skatteloven

§ 6. Skattefri virksomhetsinntekt

Distriktsrettet investeringsstøtte etter retningslinjene for regionalstøtte og regional investeringsstøtte etter retningslinjene for gruppeunntak:

- Regnes som skattefri virksomhetsinntekt.¹
- Skal ikke trekkes fra kostpris ved beregning av årlige og totale avskrivninger.²
- Regnes som en del av vederlaget ved salg av driftsmiddelet før det har gått fem år etter at det ble ervervet.³

¹ Jf. lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) § 5-31 bokstav a.

² Jf. skatteloven § 14-42 andre ledd siste punktum.

³ Jf. skatteloven § 14-44 første ledd andre punktum.

Kapittel IV. Transportstøtte

§ 7. Næringer som kan motta transportstøtte

Alle næringer kan motta transportstøtte, med følgende unntak:

1. Alle aktiviteter innen transport og lagring, næringshovedområde H.
2. Alle aktiviteter innen energisektoren;
 - a. Næring 05 – Bryting av steinkull og brunkull
 - b. Næring 06 – Utvinning av råolje og naturgass
 - c. Næringsgruppe 07.21 – Bryting av uran- og thoriummalm
 - d. Næringsgruppe 08.92 – Stikking av torv for energiformål
 - e. Næringshovedgruppe 09.1 – Tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass
 - f. Næringshovedgruppe 09.9 – Tjenester tilknyttet annen bergverksdrift for utvinning av steinkull, brunkull, uran eller thorium
 - g. Næringsgruppe 16.29 – Produksjon av andre trevarer og varer av kork, strå og flettematerialer for energiformål
 - h. Næring 19 – Produksjon av kull og raffinerte petroleumsprodukter for energiformål
 - i. Næringsgruppe 20.13 – Produksjon av andre uorganiske kjemikalier
 - j. Næringsgruppe 24.46 – Produksjon av kjernebrensel
 - k. Næringsgrupper 35.11, 35.12 og 35.13 – Produksjon, overføring og distribusjon av elektrisitet
 - l. Næringsgrupper 35.21 og 35.22 – Produksjon av gass og distribusjon av gass gjennom ledningsnett
 - m. Næringshovedgruppe 35.3 – Damp- og varmtvannsforsyning.

§ 8. Generelle vilkår

Regional transportstøtte kan tildeles dersom følgende vilkår er oppfylt:

- a) Foretaket som mottar støtten har produksjons- eller bearbeidelsessted innenfor det geografiske virkeområdet jf. § 3.¹
- b) Foretaket bærer hele kostnaden for forsendelsen.
- c) Transporten skjer med jernbane, båt, fly eller ved veitransport i yrkesmessig trafikk.

¹ Foretak med forretningsadresse utenfor det geografiske virkeområdet for transportstøtte, men som har produksjonsavdeling innenfor, kan gis transportstøtte for sendinger foretatt av avdelingen i virkeområdet for transportstøtte. Det forutsettes at det fremlegges avdelingsregnskap, herunder en revidert oversikt over støtteberettigede transportkostnader (revisoruttalelse i samsvar med DnR Revisjons ISA 800).

§ 9. Den støtteberettigede transportavstanden

Det kan gis støtte til ut- og inntransport fra det geografiske virkeområdet til eller fra den norske landegrensen eller norsk havn.

For forsendelser i Norge gis det støtte for hele avstanden.

Det samme gjelder for forsendelser som går via Sverige og/eller Finland og tilbake til Norge.

For forsendelser som ender i Sverige eller Finland, og som er minimum 350 km, gis det støtte for transporten frem til norsk grense.

Ved forsendelse til andre land enn Sverige eller Finland gis det støtte til og fra norsk grense, såfremt den totale avstanden fra foretakets plassering og norsk grense for forsendelsen er minst 350 kilometer.

§ 10. Støtteintensitet for regional transportstøtte

Transportavstand i km.	Fra og med 340 km til 700 km	Fra og med 700 km og mer
Støttebeløp i prosent	30 %	40 %

§ 11. Utmåling av transportstøtten

Utmålingen av støtte for et regnskapsår skal foretas:

- a) På bakgrunn av foretakets samlede dokumenterte støtteberettigede kostnader.
- b) Ut fra den mest økonomiske transportmåten og den korteste veien mellom produksjons-, bearbeidelses- og leveringssted.

Kapittel V. Øvrige bestemmelser

§ 12. Rapporteringsplikt

Samtlige midler som tildeles i henhold til denne forskriften skal rapporteres etter Kommunal- og moderniseringsdepartementets bestemmelser.¹

¹ Jf. lov 27. november 1992 nr. 117 om offentlig støtte § 2 og forskrift 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte § 2.

§ 13. Omgjøring og krav om tilbakebetaling

Vedtak om tilskudd kan helt eller delvis omgjøres før utbetaling eller kreves helt eller delvis tilbakebetalt etter utbetaling dersom departementet, fylkeskommunen eller andre tilskuddsforvaltere finner at tilskuddet er i strid med EØS-avtalen.

Ved tilbakebetaling etter disse reglene skal det legges til renter og renters renter fastsatt av ESA, gjeldende fra den dagen støtten ble mottatt til tidspunktet for tilbakebetalingen.¹

¹ Jf. forskrift 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte § 5.

§ 14. Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft fra 1. juli 2014. Fra samme tid oppheves forskrift 15. desember 2006 nr. 1455 om geografisk virkeområde og bruk av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla og forskrift 24. juni 2004 nr. 1461 om nasjonal transportstøtte.

Vedlegg 2

Tilskot og reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen

Generelt

Alle tilskotsforvaltarar skal gjere ei konkret vurdering av om reglane om offentleg støtte kjem til bruk på tilskotet før ein gjer vedtak om tildeling. Dersom reglane om offentleg støtte kjem til bruk, skal ein tildele tilskotet i samsvar med ei av unntaksføresegnene som følgjer av reglane om offentleg støtte.

Kva er offentleg støtte?

Det er seks vilkår som må vere oppfylte for at reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen artikkel 61 (1) kjem til bruk, og tilskotet må tildelast i samsvar med ei av unntaksføresegnene som følgjer av EØS-avtalen:

1. Støtta må gi ein økonomisk fordel for mottakaren.⁸
2. Støtta må vere gitt av staten eller av offentlege midlar.⁹
3. Støtta må vere til gunst for enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer eller tenester (selektivitet).
4. Støttemottakaren må vere eit føretak som driv økonomisk aktivitet.
5. Støtta må vri konkurransen eller truge med å vri konkurransen.
6. Støtta må vere eigna til å påvirke samhandelen mellom EØS-landa.

Når ein tildeler tilskot, vil vilkåra 1–3 og 5–6 som hovudregel vere oppfylte. Det relevante for den vidare vurderinga er om tilskotet skal finansiere eit tiltak eller eit prosjekt som er å sjå som økonomisk aktivitet, jf. punkt 4.

Spørsmålet om eit føretak driv økonomisk aktivitet, er uavhengig av den juridiske statusen til eininga og korleis drifta av henne er finansiert. Både offentlege einingar og verksemdar, ideelle organisasjonar, idrettsklubbar osb. kan reknast for å utgjere eit føretak, heilt uavhengig av organisasjonsforma deira. Det avgjerande er kva aktivitet (funksjon) eininga utøver, ikkje kva slags nemning som er sett på verksemda.

Med økonomisk aktivitet meiner ein verksemd som handlar om *å tilby varer og/eller tenester i ein marknad*.¹⁰ Det er likevel ikkje avgjerande for vurderinga om aktiviteten er kommersiell, dvs. om han er driven med profitt som mål.

Det kan vere vanskeleg å trekkje opp grensa mellom økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet. Dersom mottakaren tilbyr ei vare eller teneste mot vederlag i konkurranse med andre tilbydarar, vil ein som regel rekne at mottakaren driv økonomisk aktivitet.

⁸ Tilskot er offentleg støtte og omfattar alle økonomiske fordelar og/eller fritak for økonomiske byrder som er til gunst for visse føretak eller bransjar. Også ytingar på vanlege kommersielle vilkår kan vere omfatta, t.d. lån til marknadsrente, dersom mottakaren har ei så svak økonomisk stilling at han ikkje ville ha oppnådd ei slik yting i den vanlege marknaden.

⁹ All støtte som er tildelt i samsvar med retningslinjene, er å sjå som «offentlege midlar». Uavhengig av om støtta blir tildelt av kommunar, fylkeskommunar, dei nasjonale verkemiddelaktørane eller via ikkje-offentleg heileigde verksemdar. Det avgjerande er om ein har fått støtta frå dei offentlege midlane som resultat av ei åtferd som ein kan tilskrive det offentlege, jf. sak C-305/89, Italia mot Europakommisjonen.

¹⁰ Til dømes sak C-35/96 Europakommisjonen mot Italia, premiss 36.

Om offentlig støtte

Dersom statsstøtteregelverket kjem til bruk, må den ansvarlege tilskotsforvaltaren vurdere konkret om ein kan tildele støtta i tråd med unntaksreglane i EØS-avtalen.¹¹

Relevante lenkjer:

[Generell innføring i reglane om offentlig støtte](#)

[Rettleiar: «EØS-avtalens regler om offentlig støtte»](#)

[Lov om offentlig støtte](#)

Vidare blir det gjort greie for dei mest relevante unntaksføresegnene.

Bagatellmessig støtte

Bagatellmessig¹² støtte kan tildelast kvar enkelt verksemd med opp til 200 000 euro over ein periode på tre rekneskapsår.¹³ Ein kan berre gi bagatellmessig støtte dersom det er mogleg å rekne om støtta til brutto tilskot.¹⁴

Lenkje:

[Bagatellmessig støtte](#)

Prosedyrekrav ved tildeling av bagatellmessig støtte

Når ein tildeler tilskot som utgjer bagatellmessig støtte, må tilskotsforvaltaren skriftleg i tildelingsbrevet

1. informere mottakaren om det vedtekne støttebeløpet
2. opplyse om at det utgjer bagatellmessig støtte med tilvisning til forordninga for bagatellmessig støtte, med full referanse til tittelen på forordninga og publiseringsdatoen i EU-tidende¹⁵
3. be om ei skriftleg fråsegn frå støttemottakaren om all anna bagatellmessig støtte føretaket har fått dette året og dei to siste rekneskapsåra

Før støtta blir utbetalt, skal forvaltaren rekne ut at støtta ikkje vil føre til at den samla mottekne bagatellmessige støtta det siste året og dei to førre åra går over beløpsgrensa for bagatellmessig støtte på 200 000 euro.

Tilskotsforvaltaren skal lagre denne informasjonen i ti år og på førespurnad kunne gi den nødvendige informasjonen til ESA i løpet av 20 arbeidsdagar.

Tilskot som blir gitt som bagatellmessig støtte, skal ikkje meldast til ESA.

¹¹ Jf. EØS-avtalen artikkel 61 (1) første setning.

¹² Bagatellmessig støtte blir ikkje rekna for å påverke samhandelen og/eller truge med å vri konkurransen, og ho er dermed ikkje å sjå som offentlig støtte.

¹³ Den relevante treårsperioden er «flytande». Det vil seie at for kvar tildeling av bagatellmessig støtte må ein ta omsyn til støtte som er tildelt same året og dei to førre kalenderåra.

¹⁴ For kompliserte støtteordningar der det ikkje er mogleg å rekne ut støttebeløpet på førehand, kan ein ikkje gi bagatellmessig støtte.

¹⁵ Jf. COMMISSION REGULATION (EU) No 1407/2013 of 18 December 2013.

Kumulasjon

Det er ikkje høve til å tildele bagatellmessig støtte utover dei maksimale støttesatsane som følgjer av anten andre gruppeunntak eller andre godkjenningsvedtak frå ESA.

Dersom den maksimale støtteintensiteten ikkje er utnytta, kan ein tildele støtte inntil ein når taket i gruppeunntaket eller ESA-vedtaket. Støtte som er gitt under godkjende ordningar eller andre gruppeunntak, skal ikkje takast med i utrekninga av om taket i reglane om bagatellmessig støtte er nådd.

Utrekning av beløpsgrense

Dersom støtta blir gitt på ein annan måte enn ved kontanttilskot, skal ein rekne om verdien av støtta til verdien i brutto kontanttilskot.

Dersom støtta blir utbetalt i fleire ratar, skal ein diskontere¹⁶ støtta til verdien på det tidspunktet støtta blir gitt. Når ein reknar om, skal ein bruke referanserenta til ESA.

Lenkje:

[Referanserenta til ESA](#)

Lån som bagatellmessig støtte

Lån kan bli gitte som bagatellmessig støtte dersom tilskotsekvivalenten er rekna ut med grunnlag i den aktuelle marknadsrenta på det tidspunktet då støtta blir tildelt. Avviket frå marknadsrenta utgjer støtteelementet.

Det generelle gruppeunntaket

Det generelle gruppeunntaket (GBER) er ei forskrift som fastset detaljerte reglar for når visse typar offentleg støtte er å sjå som lovlege etter EØS-avtalen.

GBER omfattar ulike typar støtte, slik som

1. regionalstøtte
2. støtte til små og mellomstore bedrifter (SMB-er)
3. støtte i form av risikokapital til små og mellomstore bedrifter
4. støtte til forskning, utvikling og innovasjon
5. opplæringsstøtte
6. støtte til vanskelegstilte arbeidstakarar og for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne
7. støtte til miljøvern
8. støtte for å reparere og utbetre skadar etter naturkatastrofar
9. støtte til transport for innbyggjarar i avsidesliggjande regionar
10. støtte til breibandsinfrastruktur
11. støtte til kultur og vern av kulturarv
12. støtte til sport- og multifunksjonell infrastruktur
13. støtte til lokal infrastruktur
14. støtte til havner
15. støtte til flyplasser

¹⁶ Med «diskontere» meiner ein her å rekne om verdien av ei eller fleire betalningar til eit anna tidspunkt enn betalingstidspunktet, for å rekne ut noverdien av støtta/tilskotet.

Meldeplikt ved bruk av gruppeunntak

Offentleg støtte som oppfyller vilkåra som er fastsette i gruppeunntaket, skal meldast til overvakingsorganet til EFTA (ESA) seinast 20 dagar etter at støtta er tildelt. Forvaltaren som tildeler støtta, har ansvar¹⁷ for at støtta blir meldt inn. Dette gjer ein ved å sende eit elektronisk skjema og ei kort skildring av tiltaket på engelsk til Nærings- og fiskeridepartementet, som vil sende meldinga vidare til ESA.¹⁸

Relevante lenkjer:

[Om gruppeunntak](#) - her finn du også lenkje til skjema for melding til ESA
[Gruppeunntaket på engelsk](#)

Støtte til allmennøkonomisk viktige tenester

Allmennøkonomisk viktige¹⁹ tenester (SGEI)²⁰ omfattar visse økonomiske tenester som styresmaktene ser på som særleg viktige for innbyggjarane, og som ikkje vil bli leverte på ein god nok måte av marknaden åleine. For å kunne tilby slike tenester kan styresmaktene påleggje føretak visse forpliktingar mot økonomisk kompensasjon.

Dersom bidraget frå det offentlege til å yte allmennøkonomisk viktige tenester ikkje er større enn kostnadene ved produksjonen, er det ikkje tale om offentlig støtte. Dette føreset at fire kriterium er oppfylte:²¹

1. Føretaket må vere pålagt å utføre ei teneste som er allmennøkonomisk viktig, og desse forpliktingane må vere klart definerte.
2. Kriteria for utrekning av kompensasjonen må vere fastlagde på førehand på ein objektiv og open måte.
3. Kompensasjonen må ikkje vere høgre enn dei nødvendige utgiftene til oppfyllinga av forpliktinga.
4. Storleiken på kompensasjonen må avgjerast anten etter ein offentlig anbudsprosedyre eller på grunnlag av ein analyse av kostnadene som eit typisk veldrive føretak vil ha.

¹⁷ Overvakingsorganet til EFTA gjer ingen kontroll av om den aktuelle støtta oppfyller vilkåra i gruppeunntaket. Det er derfor viktig at støttegivaren sjekkar at eit støttetiltak i realiteten fell inn under eit aktuelt gruppeunntak, og at skjemaet er korrekt utfyllt.

¹⁸ Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarleg for å koordinere den årlege rapporteringa av tildelt støtte under gruppeunntaka til ESA.

¹⁹ Definisjonen av allmennøkonomisk viktige tenester er ikkje legaldefinert. I utgangspunktet er det opp til det offentlege sjølv å definere kva ei slik teneste er. ESA og EFTA-domstolen vil berre gripe inn dersom forvaltaren openbert feiltolkar eller misbrukar omgrepet.

²⁰ Services of General Economic Interest.

²¹ Jf. *Altmark*-dommen, C-280/00 av 23. juli 2000.

Dersom kriteria ovanfor ikkje er oppfylte, kan ein yte offentleg støtte til nokre typar allmennøkonomiske tenester i tråd med kommisjonsvedtaket om allmennøkonomisk viktige tenester av 20. desember 2011.²² Desse vilkåra må vere oppfylte:

1. Verksemda må ha fått oppdraget, og forpliktingane må vere tydeleg definerte.
2. Utrekninga av kompensasjonen må vere fastlagd på førehand på ein objektiv og open måte.
3. Kompensasjonen kan ikkje vere høgare enn kostnadene ved å utføre tenesta.

Støtte til allmennøkonomisk viktige tenester skal ikkje meldast til ESA. Den årlege kompensasjonen kan ikkje gå over 15 millionar euro. Ein kan likevel gå over denne beløpsgrensa for visse typar tenester.

Relevante lenkjer:

[Kommisjonsvedtaket om støtte til allmennøkonomisk viktige tenester](#)
[Allmennøkonomisk viktige tenester](#)

²² Commission Decision of 20 December 2011 on the application of Article 106(2) of the Treaty on the Functioning of the European Union to State aid in the form of public service compensation granted to certain undertakings entrusted with the operation of services of general economic interest (notified under document C(2011) 9380)

Vedlegg 3

For nærare informasjon om tilskotsforvaltning i staten, sjå:

- Finansdepartementet: «[Reglementet for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten](#)», sist endra 2015.
- Finansdepartementet: [Rettleiar: Om etablering og forvaltning av tilskuddsordningar i staten](#)», frå 2008.
- Direktoratet for økonomistyring: «[Sjekkliste for utvalgte prosesser i tilskuddsforvaltning](#)», frå 2012.
- Direktoratet for økonomistyring: «[Evaluering av statlige tilskuddsordningar](#)», frå 2007.
- Direktoratet for økonomistyring: «[Resultatmåling. Mål- og resultatstyring i staten](#)», sist endra 2010.

Vedlegg 2 Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2018 (i 1 000 kr)

Kap	Post	Betegnelse	KMD	Fylkeskommunane	Innovasjon Noreg	Siva	Forskningsrådet	Distriktssenteret	Totalt
550		Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta							833 830
	62	Bedriftsretta låne - og tilskotsordningar i distrikta		487 714					487 714
	64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn		154 420					154 420
	70	Bedriftsretta program i distrikta			30 162	85 500			115 662
	73	Mercur - programmet	48 307						48 307
554	01	Kompetansesenter for distriktutvikling						27 727	27 727
553		Omstillingsdyktige regioner							585 144
	60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse		142 000					142 000
	63	Grenseregionale Interreg-program		51 300					51 300
	65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden		97 000	15 000				112 000
	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø			116 711	55 200	77 933		249 844
	76	Utviklingsprogram for byregionar og internasjonalt samarbeid	30 000						30 000
		Sum programkategori 13.50							1 418 974

Vedlegg 3: Veileder til tall- og aktivitetsrapportering for Siva til KMD (Sist revidert januar 2018)

Dokumentet inneholder krav og veileder for tall- og aktivitetsrapportering av tilsagn gitt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet over kap. 550, post 70 og 553, post 74.

Hensikten med tall- og aktivitetsrapporteringen er todelt, den danner grunnlag for rapportering til Stortinget i statsbudsjettet. I tillegg utarbeider Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) årlig en rapport som viser bruk av midler under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk, som gjøres tilgjengelig på departementets hjemmeside. Rapporten viser fordelingen av midlene etter fylke, sentralitet, forvalter og beløp per innbygger. Datamaterialet baserer seg på rapportering fra kommuner, regionråd, fylkeskommuner, Siva, Forskningsrådet, Innovasjon Norge og departementet for gjeldende rapporteringsår.

Innovasjon Norge og Siva rapporterer direkte til departementet. Fristene er fastsatt i oppdragsbrevet fra Nærings- og fiskeridepartementet. Forskningsrådet rapporterer i henhold til tildelingsbrev fra Kunnskapsdepartementet.

Tall- og aktivitetsrapporteringen skal inneholde:

- Støttemottaker - Hvert enkelt tilskudd skal registreres som unike prosjekter.
- Kommunenummer - Tiltaket skal registreres i den eller de kommunene hvor tiltaket får størst effekt.
- Post nummer: 70 (Næringshage) eller 74 (Inkubator)
- Samlet tildelte midler fra KMD (kr)
- Kjennetegn Kvinnerettet i prosent (pst)